

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 14.09.2016
SAKSHANDSAMAR: Jannicke Daae Tønjum, administrerende direktør Helse Vest Innkjøp

SAKA GJELD: **Statusrapportering på overordna handlingsplan for internrevisjonen – Innkjøp i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2015/1486
STYRESAK: 112/16

STYREMØTE: 03.10. 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF tek rapportering på overordna handlingsplan for internrevisjonen «Innkjøp i Helse Vest» til vitande, og ber om at handlingsplanen fortsatt følgjast tett opp.

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF blei i styresak 087/15 førelagt internrevisjonsrapport om innkjøp med tilhøyrande tilrådingar. I same styremøte vedtok styret i Helse Vest RHF i eiga sak (sak 088/15) ein overordna handlingsplan for å svare ut tilrådingane i internrevisjonsrapporten. Helse Vest Innkjøp (HIK) var under etablering då desse sakane blei lagt fram for styret i 2015, og det går fram av sak 088/15 at det er naturleg at Helse Vest Innkjøp skal følgje opp den vedtekne overordna tiltaksplanen. Statusrapporten (Vedlegg 1) synar at Helse Vest Innkjøp arbeidar systematisk med å lukke avvik frå internrevisjonsrapporten, og at ein i store trekk klarer å følgje vedtatt overordna handlingsplan for dette.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF blei i styresak 087/15 førelagt internrevisjonsrapport om innkjøp med tilhøyrande tilrådingar. I same styremøte vedtok styret i Helse Vest RHF i eiga sak (sak 088/15) ein overordna handlingsplan for å svare ut tilrådingane i internrevisjonsrapporten. Helse Vest Innkjøp (HIK) var under etablering då desse sakane blei lagt fram for styret i 2015, og det går fram av sak 088/15 at det er naturleg at Helse Vest Innkjøp skal følgje opp den vedtekne overordna tiltaksplanen. Dette arbeidet er innarbeidd i føretaket sin overordna risikostyring, og føretaket har rapportert jamleg på den overordna handlingsplanen til eige styre i 2016.

Kommentarar

Vedlagt statusrapport synar status på dei einskilde punkta i den overordna handlingsplanen ved inngangen til september 2016. I statusrapporten er det rapportert grønt på alle aktivitetar med unntak av punkt 2:

«Legge vekt på at ny systemløyning (LIBRA) skal gi tilgjengeleg og kvalitativt god styringsinformasjon om innkjøpspraksisen i føretaksgruppa, samstundes som det skal utviklast gode analysar også før nytt system er på plass».

Status på dette punktet er at datakvaliteten framleis er for dårleg til å gi god styringsinformasjon til Helse Vest Innkjøp og til føretaka i Helse Vest på innkjøpsområdet.

Revisjonsrapporten sette spesielt fokus på aktive rammeavtalar og dei ulovlege prolongerte avtalane innan denne kategorien. Vedlagt statusrapport synar at etablert innkjøpsplan blir følgt og at HIK er godt i gang med å rydde dette området.

Konklusjon

Helse Vest Innkjøp HF har laga avdelingsvise innkjøpsplanar for 2016, som skal sikre tilstrekkeleg produksjon av nye avtalar før avtaleperioden er ute, og dermed unngå ulovleg prolongerte avtalar. I tillegg har Helse Vest Innkjøp planlagt å gjennomføre anskaffingar på område der det ikkje eksisterer avtalar, eller det er nye innmeldte behov.

Vedlegg:

Statusrapportering på overordna handlingsplan for internrevisjonen – Innkjøp i Helse Vest